



Styre: Fakultetsstyret ved Det juridiske fakultet
Styresak: 29/24
Møtedato: 7.5.2024
Journalnummer: 2024/1383

Oppfølging av vedtak i sak 17-24 – Forslag om omgjøring av fakultetsstyrets vedtak, alternativt forslag om å si opp ytterlige utvekslingsavtaler

Bakgrunn

I møte 19.03.2024 behandlet styret et forslag om å avslutte avtalen om utveksling av studenter mellom The Buchmann Faculty of Law, Tel Aviv University og Det juridiske fakultet, Universitetet i Bergen. Forslaget var fremmet av styremedlem Marthe Engedahl og fungerende fast møtende varamedlem Siv Elén Årskog Vedvik, begge representanter valgt av gruppe B (midlertidig vitenskapelig ansatte).

Saken har vakt et stort engasjement internt ved fakultetet og flere engasjerte seg med ulike innspill til fakultetsstyret. Styret diskuterte saken i mer enn én time.

Etter votering med seks mot fem stemmer gjorde styret følgende vedtak:

«Det juridiske fakultetet sier opp utvekslingsavtalen med Tel Aviv University.»

Tel Aviv University er senere informert om vedtaket pr e-post.

Forslag om omgjøring av vedtaket av 19.03.2024 fra styremedlem Eirik Holmøyvik.

I brev av 09.04.2024 tar styremedlem Eirik Holmøyvik til orde for ny behandling i fakultetsstyret og foreslår at styret omgjør sitt tidligere vedtak:

«Eg ber prinsipalt om at fakultetsstyret gjer om vedtaket i sak 17-24 slik at utvekslingsavtalen med Universitetet i Tel-Aviv ikkje blir sagt opp. Grunnane til at eg ber om ny behandling av og omgjøring av vedtaket i sak 17-24 er at spørsmålet saka reiser er eit viktig prinsippspørsmål utan presedens og med verknader ut over utvekslingsavtalen med Universitetet i Tel-Aviv. Etter mitt syn er desse sidene av saka ikkje tilstrekkeleg greidd ut og det var også andre manglar ved saksframstillinga- og behandlinga.»

For det tilfellet at styret ikke finner å gjøre om vedtaket, foreslår Holmøyvik subsidiært at utvekslingsavtalene som fakultetet har med en rekke andre universitet i Russland og Kina sies opp. Han skriver blant annet følgende:

«Som det går fram av punkt 2 meiner eg det må vere ein svært høg terskel for å seie opp ein utvekslingsavtale på anna grunnlag enn forhold ved utvekslingssamarbeidet sjølv. Dersom fakultetet fyrst går til det skrittet å seie opp ein utvekslingsavtale knytt til etiske forhold ved staten eller utanfor utvekslingssamarbeidet, så må dei etiske standardane gjelde alle utvekslingsavtaler. Seier vi A, så må vi seie B. Likskap for lova og forbod mot usakleg forskjellsbehandling, er grunnleggjande prinsipp i rettsstaten. Av alle institusjonar på UiB er det viktig at Det juridiske fakultetet ikkje opptre vilkårleg eller gjev inntrykk av at vi forskjellsbehandlar samarbeidspartnarar på grunnlag av nasjonalitet eller styrken til interessegrupper i samfunnet. Dersom fakultetet fyrst stiller etiske krav til enkelte lærestadar for å inngå eller halde på utvekslingsavtaler, må fakultetet stille same krav til alle.»

For det tilfellet at fakultetsstyret ikke finner å gjøre om vedtaket, mener Holmøyvik at fakultetet må be Universitetsstyret om å si opp utvekslingsavtalene med Makerere University (Uganda) og Birzeit University (Palestina). Han mener at universitetet må

«ta ei aktiv leiarrolle overfor fakulteta når det gjeld etiske krav til institusjonelt samarbeid».

Han fremholder også at:

«UiB [har] sentralt utvekslingsavtaler som kan gjerast gjeldande på fakultetsnivå, men som fakulteta ikkje kan seie opp. Nokre av desse utvekslingsavtalene reiser etiske innvendingar.» .

Skriftlige merknader til Holmøyviks forslag om omgjøring av vedtaket av 19.03.2024.

I brev av 25.04.2024 imøtegår Marthe Engedahl, Martin Mindestrømmen og Siv Elén Årskog Vedvik forslaget om omgjøring fra Eirik Holmøyvik. Martin Mindestrømmen er tilbake fra foreldrepermisjon og er igjen fast medlem i fakultetsstyret fra gruppe B, mens Marthe Engedahl er fast møtende varamedlem .

I brevet kommenterer de Holmøyvik sitt forslag, men de går også i rette med synspunkter Holmøyvik skal ha kommet med i Bergens Tidende og Khrono.

Avslutningsvis skriver de følgende:

«Vi kan som omtalt innledningsvis ikke se at det har kommet frem nye opplysninger eller argumenter som taler for at det vedtaket som ble truffet i fakultetsstyret bør omgjøres.

Det var Israel som var gjenstand for vårt forslag, og derfor situasjonen i Gaza og ved universitetet i Tel Aviv som ble beskrevet, og ikke andre land og institusjoner. Om det også skal reageres overfor andre institusjoner vi har avtaler med, blir etter vårt syn en sak for seg. Vi er derfor ikke enige med Holmøyvik i at saksutredningen – slik den fremstod samlet på bakgrunn av vårt forslag og ledelsens saksfremstilling og

alternative vedtaksforslag – var mangelfull fordi den ikke tok opp andre utvekslingsavtaler fakultetet har.

Når det gjelder universitetene som har utvekslingsavtaler med UiB, men ikke med vårt fakultet, kan vi ikke se at fakultetsstyret i forbindelse med denne saken har noen grunn til å «anmode» universitetsstyret om å gjøre noe med disse. Det kan i alle tilfeller ikke vært en mangel ved vår saksfremstilling at vi ikke inkluderte et forslag om hva UiB sentralt skal gjøre med sine avtaler.

Det å endre mening om en vanskelig sak er selvsagt lov, og et styrevedtak står bare til det blir erstattet av et nytt. Etter vårt syn vil det likevel være å vise liten respekt for fakultetsdemokratiet om en sak omgjøres i påfølgende styremøte fordi sammensetningen av styremedlemmer er en annen enn ved første behandling. Når fakultetsstyret har avgjort en sak, bør vedtaket respekteres, selv om man er uenig i resultatet.»

I etterkant har også professor Terje Einarsen kommet med innspill som forsvarer vedtaket som fakultetsstyret fattet om å si opp avtalen med Tel Aviv. Professor Knut Einar Skodvin har også kommet med et innspill. Her går han bl.a. i rette med Engedahl, Mindestrømmen og Vedvik sin argumentasjon knyttet til ICJ sin rolle for å si opp en samarbeidsavtale mellom to universitet. Alle de skriftlige innspillene følger som vedlegg.

Dekan og fakultetsdirektørs merknader

1. Oppfølging av styrets vedtak 19. mars

På bakgrunn av den orienteringen fakultetet ga til The Buchmann Faculty of Law, Tel Aviv University på e-post om fakultetsstyrets vedtak 19. mars om å si opp den gjensidige utvekslingsavtalen, ba fakultetet i Tel Aviv om et oppklarende møte om saken. I møtet som ble gjennomført digitalt 15.04.2024 deltok dekan Yishai Blank og visedekan Issachar Rosen-Zvi fra The Buchmann Faculty of Law og dekan Karl Harald Søvig og fakultetsdirektør Øystein L. Iversen fra Det juridiske fakultet.

Dekanen redegjorde for foranledning og bakgrunn for styrets vedtak i saken. Det ble også informert om at et styremedlem hadde fremmet krav om å ny behandling av saken.

Representantene fra The Buchmann Faculty of Law fremholdt at den finansielle støtten og andre ordninger som er etablert for studenter som utskrives for militærtjeneste er besluttet nasjonalt og er tiltak som Tel Aviv University er pålagt å følge opp. Videre ble understreket at man så det som lite treffende å etablere en sanksjon som i realiteten bare rammer studentutveksling. Det ble vist til at sanksjonen dermed også rammer palestinere. Andelen palestinske studenter ved Tel Aviv University ble oppgitt å være 20%, og det ble vist til at denne studentgruppen ofte blir gitt finansiell støtte til utveksling gjennom spesielt rettede programmer.

I møtet ga vi dekan og fakultetsdirektør uttrykk for at selv om vi i utgangspunktet var negativ til vedtaket om å si opp utvekslingsavtalen og argumenterte mot dette, skal det generelt sett mye til for at dekan og fakultetsdirektør fremmer et forslag om å omgjøre et vedtak fra det foregående styremøte.

2. Spørsmålet om omgjøring

UiB har egne Regler for styringsorganene ved fakultetene og instituttene (vedtatt av universitetsstyret 27.09.2018, sist endret 4.2.2021). Disse inneholder ingen bestemmelser om omgjøring. Heller ikke Reglement for Det juridiske fakultet (vedtatt av fakultetsstyret 15.12.2020) har slike regler. Utgangspunktet er derfor at et vedtak fattet av fakultetsstyret gjelder til det er fattet et nytt vedtak. Unntak må gjøres dersom enkeltpersoner eller institusjoner har innrettet seg etter det opprinnelige vedtaket slik at de har fått en berettiget forventning om at det blir stående. Dette er ikke aktuelt i denne saken.

Dekan og fakultetsdirektør vil understreke at en ledelsesmodell som bygger på en ordning med kollegiale organer, hvor sammensetningen naturlig nok vil variere etter hvem som til enhver tid har anledning til å møte, vil fremstå som lite forutsigbar og mindre tillitvekkende, dersom det etableres en lav terskel for ny behandling i neste møte – omkamper – i større eller mindre saker. En slik praksis vil gjøre styring vanskelig og over tid svekke tilliten til den demokratiske modellen som dagens ordning bygger på. Unntak må gjøres der hvor det første vedtaket lider av mangler, typisk saksbehandlingsfeil. I denne saken mener Holmøyvik at saksbehandlingen ikke har vært tilfredsstillende.

Dekan og fakultetsdirektør mener at det ikke har fremkommet informasjon av slik karakter at det tilsier saken står i et vesentlig annet lys, enn ved første gangs behandling, selv om argumentasjonen langs de ulike linjene har fått en mye grundigere skriftlig behandling enn det som var situasjonen i forkant av forrige styremøte. Innspillene som har kommet til Homøyviks forslag viser at fagmiljøet fortsatt er splittet i spørsmålet om hva som skal være kriteriene for å utvikle et institusjonelt samarbeid, saksbehandlingskrav frem mot et slikt vedtak og hvilken avgjørelse som er riktig.

Dekan og fakultetsdirektør vil derfor ikke slutte seg til forslaget til Eirik Holmøyvik om å omgjøre styrets vedtak i sak 17-24, selv om vi deler hans oppfatning om at styret burde fattet et annet vedtak.

3. Rekkevidden av vedtaket 19. mars for andre utvekslingsavtaler

Eirik Holmøyvik har også fremmet et subsidiært forslag til vedtak om å si opp flere avtaler med russiske og kinesiske institusjoner, som styret også skal ta stilling til. Dekan og fakultetsdirektør mener i likhet med Holmøyvik at det skal gjelde en svært høy terskel for å si opp en utvekslingsavtale på annet grunnlag enn forhold ved utvekslingssamarbeidet i seg selv. Vi viser her til saksnotatet vårt i sak 17-24.

Styreflertallet har avsluttet avtalen med universitetet i Tel Aviv ut fra hva som stikkordsmessig kan betegnes som oppsigelse på "etisk grunnlag". Da oppstår spørsmålet om likebehandling med andre utvekslingsavtaler. Fakultetet har utvilsomt avtaler med institusjoner i land hvor det forekommer grove brudd på folkeretten, men dekan og fakultetsdirektør har ikke oppfattet flertallet som gikk inn for å utvikle samarbeidet med Tel Aviv slik at det ønsket en generell gjennomgang av avtaleporteføljen på etisk grunnlag.

Når det gjelder forholdet russiske institusjoner, er situasjonen særpreget ved at avtalene «legges på is», i samsvar med nasjonale retningslinjer, jf. [brev fra Kunnskapsdepartementet](#) 5. mars 2022. For ordens skyld vil dekan og fakultetsdirektør legge til at fakultetet også har en avtale med Immanuel Kant Baltic Federal University i Kaliningrad. Denne gjelder til 20.08.24. Siden samarbeid med Russland ligger på is, er det ikke naturlig å ta initiativ til fornying av avtalen med Immanuel Kant. Den har også vært avpublisert på fakultetets

nettsider, siden den ikke har vært aktuell å søke på denne våren for våre utreisende studenter.

Når det gjelder institusjoner i andre land, kan en diskutere om fakultetsstyret bør avslutte tallrike avtaler i flere land uten å løfte saken til universitetsstyret siden et slikt vedtak vil kunne ha konsekvenser for hvordan UiB oppleves som samarbeidspartner. Siden dekan og fakultetsdirektør ikke går inn for å avslutte flere avtaler, går vi ikke nærmere inn på denne tematikken.

Dekan og fakultetsdirektør mener at vedtaket til flertallet i sak 17-24 må ses i lys av den pågående krigføringen i Gaza og de uforholdsmessige høye dødstallene blant sivile og lidelsene for befolkningen. Dermed må ikke vedtaket nødvendigvis føre til at andre utvekslingsavtaler skal avsluttes.

Folkerettssituasjonen i ulike land er forskjellig, og hvilken uavhengighet institusjoner har fra sentrale myndigheter vil også variere. Noe av problemet ved denne typen vurderinger er at fakultetet ikke har noe apparat for å overvåke og analysere situasjonen i de aktuelle land, eller regionene, hvor de aktuelle institusjonene er lokalisert, og hvilke demokratiske rammer de lever under. Vi har så langt utelukkende hatt studentenes situasjon for øye, og forholdt oss til Utenriksdepartementets reiseråd med hensyn til sikkerheten for studerende. Avslutning av andre avtaler vil også ha direkte konsekvenser for studenter fordi forslaget gjelder avtaler hvor det i dag er utveksling begge veier.

På denne bakgrunn vil dekan og fakultetsdirektør innstendig oppfordre styret om at vedtaket 19. mars ikke skal få virkning for andre avtaler.

forslag til vedtak:

1. Styret gjør ikke om på vedtak i sak 17-24 om å si opp avtalen om studentutveksling med Universitetet i Tel Aviv.
2. Styret avstår fra å kreve at fakultetet skal utrede om det er behov for å avslutte andre avtaler om studentutveksling på etisk grunnlag.

Karl Harald Søvig
dekan

Øystein L. Iversen
fakultetsdirektør

30.04.2024

Vedlegg:

- 1: Framlegg om omgjøring av vedtak 17-24 fra Eirik Holmøyvik
- 2: Merknader til forslag om omgjøring TAU fra gruppe B
- 3: Bemerkning fra Terje Einarsen

4: Innspill fra Knut Einar Skodvin

Framlegg om omgjerung av vedtak 17-24, alternativt oppseiing av utvekslingsavtaler i land som ikkje oppfyller etiske standardar

1. Bakgrunn

I sak 17-24 vedtok fakultetsstyret med seks mot fem røyster å seie opp utvekslingsavtalen med Universitetet i Tel-Aviv. Grunnlaget for å seie opp utvekslingsavtalen var ikkje knytt til den faglege kvaliteten på undervisninga til Universitetet i Tel-Aviv, men fordi universitetet, i følgje framleggsstillarane, hadde ei «problematisk rolle i Israels krigføring i Gaza». Konkret viste framleggsstillarane til at ei førebels avgjerd frå Den internasjonale domstolen la til grunn at det var plausibelt at Israel kan gjere folkemord i Gaza, at FN's generalsekretær slo fast at Israel har brote krigens folkerett, og at Universitetet i Tel-Aviv «støtter aktivt opp om Israels krigføring og mulige folkemord i Gaza i form av økonomisk støtte til studenter ved universitetet som kalles inn til militærtjeneste.»

Det sit langt inne for meg å be om omkamp om ei sak avgjort av fakultetsstyret. Denne saka er likevel så spesiell og utan presedens i historia til fakultetet at eg vil be fakultetsstyret prinsipalt om å gjere om vedtaket i sak 17-24. Dersom fakultetsstyret ikkje kan gjere om på vedtaket i ei slik sak, så kan det aldri det. Subsidiært ber eg fakultetsstyret om å seie opp andre utvekslingsavtaler som ikkje oppfyller etiske standardar. Eg gjer greie for grunnane under, sjå respektive punkt 2 (omgjerung) og 3 (likebehandling).

I sak 17-24 godtok fakultetsstyret at det ikkje er naudsynt å hente inn synspunkta til dei aktuelle lærestadane for å stadfeste eller avkrefte om påstandar i saksframlegget er riktige. Eg legg til grunn at det same kan gjerast i denne saka.

2. Omgjerung

2.1 Innleiing

Eg ber prinsipalt om at fakultetsstyret gjer om vedtaket i sak 17-24 slik at utvekslingsavtalen med Universitetet i Tel-Aviv ikkje blir sagt opp. Grunnane til at eg ber om ny behandling av og omgjerung av vedtaket i sak 17-24 er at spørsmålet saka reiser er eit viktig prinsippspørsmål utan presedens og med verknader ut over utvekslingsavtalen med Universitetet i Tel-Aviv. Etter mitt syn er desse sidene av saka ikkje tilstrekkeleg greidd ut og det var også andre manglar ved saksframstillinga- og behandlinga.

2.2 Omgjerung grunna manglande prinsipiell vurdering

Dersom fakultetet seier opp ein utvekslingsavtale på grunnlag av at vertsstaten ikkje oppfyller etiske krav, vil det vere eit markant brot med både norsk utanriks- og kunnskapspolitik og den utvekslingspolitikken fakultetet og UiB har ført i lang tid. Både fakultetet og UiB har utvekslingsavtaler med lærestadar i autoritære statar som bryt menneskerettane grovt og der det er låg grad av akademisk fridom. Som andre norske lærestadar har UiB og fakultetet halde fast ved utvekslingsavtaler i slike situasjonar fordi studentmobilitet har blitt rekna å ha ein

eigenverdi. Verdien til studentmobiliteten er langsiktig og bør ikkje setjast i spel ved politiske markeringar med kortvarig nytte, slik oppseiing av utvekslingsavtaler er.

Norsk kunnskapspolitikkk har på tvers av skiftande regjeringar alltid framheva studentutveksling som ein akademisk eigenverdi. I den siste stortingsmeldinga om emnet, Meld. St. 7, *En verden av muligheter*, s. 10, blir studentmobilitet rekna som eit freds- og demokratiprojekt:

«Studieopphold i utlandet skal gi studentene internasjonal erfaring som vil gjøre dem bedre rustet til å delta i et europeisk og globalisert arbeids- og næringsliv. I tillegg skal internasjonal studentmobilitet støtte opp under det liberale demokratiets verdier, verdier vi ser er under press i dagens verden. Å bringe unge mennesker sammen kan bygge broer over nasjonale spenninger, gi interkulturell forståelse og bidra til å utfordre antidemokratiske og fremmedfiendtlige krefter. Fremtidens samfunnsborgere trenger nye ferdigheter i et samfunn som i økende grad er globalt, multikulturelt og digitalt. Internasjonal studentmobilitet skal bidra til å forme fremtidens samfunn til det bedre ved at studenter bryner sine meninger mot meningene til dem med en annen bakgrunn. Høyere utdanningsinstitusjoner skal arbeide sammen for å løse samfunnsproblemer og bedre kvaliteten på forskning og utdanning. Land skal gjennom forpliktende samarbeid sørge for at det er mulig for elever, studenter og forskere å være mobile.»

Det er brei og vedvarande politisk semje om det synet på studentmobilitet som kjem til uttrykk i stortingsmeldinga og det er dessutan ein integrert del av norsk utanrikspolitikkk. Som framheva i Meld. St. 7, *En verden av muligheter*, 12, kan akademisk samarbeid sjåast på som ei forlenging av det forpliktande internasjonale samarbeidet mellom statar og det multilaterale systemet som er ein grunnpillar i norsk utanrikspolitikkk, jf. Meld. St. 27 (2018–2019), *Norges rolle og interesser i multilateralt samarbeid*. I dette ligg det at internasjonalt akademisk samarbeid har ein vedvarande eigenverdi, også når ein stat bryt menneskerettane, demokratiet forvitrar eller ein stat bryt maktforbodet i FN-pakta. Nettopp i ein slik situasjon er akademisk samarbeid viktig som ein plattform for kunnskapsutveksling og med det kritikk mot styresmaktene i statane. Like lite som at Noreg bryt dei diplomatiske relasjonane til statar for brot på folkeretten, bør norske universitet bryte dei akademiske relasjonane til universitet i desse statane.

Det norske synet på studentmobilitet anerkjenner studentmobilitet som ein integrert del av *akademisk fridom*. Kjernen i den akademiske fridomen er kunnskapsproduksjonen gjennom forskinga, men undervisninga følgjer med gjennom idealet om at undervisninga skal vere forskingsbasert. Slik akademisk fridom er forstått i internasjonale standardar skal internasjonalt akademisk samarbeid vernast om. Dette følgjer både av artikkel 15 (4) i FN's konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar så vel som andre internasjonale standardar.¹ Professor Hans Petter Graver har difor med rette omtala akademisk boikott som «et dypt problematisk virkemiddel sett ut fra prinsipper og idealer om akademisk frihet. Vedtak om boikott er både

¹ Sjå til dømes eksplisitt for studentar i Europarådets Recommendation CM/Rec(2012)7 of the Committee of Ministers to member States on the responsibility of public authorities for academic freedom and institutional autonomy, avsn. 5 og 23. https://search.coe.int/cm/Pages/result_details.aspx?ObjectID=09000016805ca6f8. I kartlegginga av akademisk fridom i meldemsstatane, anerkjenner EU «the freedom of students to develop and follow their own study preferences without any undue political, administrative, religious, economic, social, cultural, or academic interferences, pressures, or limitations.» Sjå EP Academic Freedom Monitor 2023, [https://www.europarl.europa.eu/RegData/etudes/STUD/2024/757798/EPRS_STU\(2024\)757798_EN.pdf](https://www.europarl.europa.eu/RegData/etudes/STUD/2024/757798/EPRS_STU(2024)757798_EN.pdf)

autoritært og prinsippløst. Samarbeid mellom forskere og vitenskapelige institusjoner, er en av vitenskapens grunnpilarer.»²

Den akademiske fridomen er ikkje absolutt, og med det heller ikkje det internasjonale forskings- og undervisningssamarbeidet. Verdsetjinga av mobilitet i dei internasjonale standardane for akademisk fridom tilseier likevel at akademisk boikott i form av forbod mot studentutveksling er eit ekstremt tiltak som krev sær gode grunnar og saksbehandling.

Ei anna side ved vedtaket i sak 17-24 er at det berre rettar seg mot utvekslingsavtalen med Universitetet i Tel-Aviv, og ikkje eventuelt anna institusjonelt samarbeid mellom fakultetet og israelske lærestadar. Også samarbeid på personnivå mellom våre forskar og israelske forskarar har ei institusjonell side ved at fakultetet vil dekke reisekostnader og andre kostnader ved å ha forskarsamarbeid på tvers av landegrensene. Vedtaket i sak 17-24 forbyr heller ikkje at fakultetet i søknader om forskingsmidlar går inn som partner i eit konsortium som også omfattar israelske universitet. Altså er det greitt med institusjonelt samarbeid på forskarnivå, men ikkje på studentnivå. Det er grunn til å merke seg at framlegget til akademisk boikott vart sett fram av tilsette ved fakultetet, men skadeverknaden er avgrensa til studentane. Denne forskjellsbehandlinga er for meg uforståeleg.

Eg går ut i frå at fakultetsstyret ikkje ønsker eller i sak 17-24 meinte å behandle israelske samarbeidspartnarar annleis enn samarbeidspartnarar i andre land på grunnlag av nasjonalitet. Det vil etter mitt syn stride mot verdigrunlaget til fakultetet. Det betyr at ei sak om avslutning av ein utvekslingsavtale på etisk grunnlag bør leggjast breiare opp enn berre Universitetet i Tel-Aviv og omfatte alle utvekslingsavtalene fakultetet har. Denne innvendinga vart reist under fakultetsstyremøtet i sak 17-24, men vedtaket vart likevel berre retta mot Universitetet i Tel-Aviv. Dette etterlét eit uheldig inntrykk av at fakultetet behandlar israelske samarbeidspartnarar strengare enn til dømes kinesiske samarbeidspartnarar, der dei etiske spørsmåla er vel så store, sjå 3.3 under. Som juridisk fakultet kan vi ikkje drive med forskjellsbehandling eller bruke ulike etiske standardar for ulike samarbeidspartnarar. Dette er etter mitt syn ein alvorleg mangel ved saksframlegget og vedtaket i sak 17-24.

Etter mitt syn tilseier desse omstenda at vedtaket i sak 17-24 blir gjort om. Dersom fakultetsstyret ønsker å leggje om utvekslingspolitikken, bør spørsmålet greiast ut i full breidde og leggjast fram som ei særskilt sak.

2.3 Omgjering grunna manglar ved saksbehandlinga

Eg meiner vidare at vedtaket i sak 17-24 bør gjerast om fordi saksbehandlinga ikkje har vore tilfredsstillande.

Det er ikkje vanleg at fakultetsstyret behandlar så viktige prinsipielle saker på eitt møte. Saksdokumenta kjem kort tid i forvegen, noko som gjer det krevjande for styremedlemmane å setje seg inn i komplekse saker og vurdere informasjonen som kjem fram i saksdokumenta. I styremøtet er det vanskeleg å kome med supplerande informasjon over bordet. Difor bør

² Hans Petter Graver, “Akademisk boikott er autoritært og prinsippløst”, *Aftenposten* 6. april 2024, <https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/15QqQK/akademisk-boikott-er-autoritaert-og-prinsipploest>.

fakultetet behandle slike saker over fleire møter. Dette gjeld særleg når eit viktig spørsmål blir reist for fyrste gong.

Vedtaket i sak 17-24 er skjemma av at det i sakspapira vart sett fram uhaldbare påstandar frå professor Terje Einarsen om straffeansvar for styremedlemmane for medverknad til folkemord dersom fakultetsstyret ikkje sa opp utvekslingsavtalen med Universitetet i Tel-Aviv. Det er særleg alvorleg at Einarsen retta påstanden særskilt mot studentrepresentantane i styret. Dette gjev inntrykk av eit utilbørleg press mot studentrepresentantane som fakultetet bør ta skarp avstand frå ved å vurdere saka på nytt. Oppførselen til Einarsen er offentleg kritisert av studentar frå fakultetet³ og er omtala i media.⁴ Det er såleis skapt eit offentleg inntrykk av at saksbehandlinga for fakultetsstyret er uryddig. Etter mitt syn er dette åleine ein grunn til å ta saka opp til ny behandling.

Vidare meiner eg at sak 17-24 ikkje var tilstrekkeleg opplyst når det gjeld konsekvensane for andre utvekslingsavtaler, terskelen for oppseiing og forhold som talar mot at Universitetet i Tel-Aviv har brote etiske krav vårt fakultet må stille til samarbeidspartnarar.

Saksframlegget mangla relevant informasjon om Universitetet i Tel-Avivs kritiske rolle overfor både den ulovlege okkupasjonen av Vestbreidda og krigføringa av Gaza. Forskaren Maya Wind har rett nok skulda jussprofessorar ved Universitetet i Tel-Aviv for å støtte krigføringa og okkupasjonen med juridiske argument.⁵ Det er likevel ikkje uvanleg at det blant jussprofessorar i statar med akademisk fridom vil vere dei som tolkar retten slik at denagnar staten. Biletet Wind teiknar er truleg for einsidig og stemmer ikkje med Academic Freedom Index til det anerkjente V-Dem-prosjektet.⁶ På denne indeksen får Israel 0,85, som ligg om lag på same nivå som Noreg (0,87), Sveits (0,85) og Danmark (0,89), og høgare enn land som Storbritannia (0,79), Nederland (0,79) og USA (0,69). Nettopp professorar på det juridiske fakultetet ved Universitetet i Tel-Aviv har på fagleg juridisk grunnlag kritisert dei israelske styresmaktene både for krigføringa på Gaza⁷ og for okkupasjonen på Vestbreidda.⁸ Dette nyanserer biletet som vert teikna i saksframlegget om at Universitetet i Tel-Aviv «støtter aktivt opp om Israels krigføring». Etter mitt syn er det meir korrekt å seie at Universitetet i Tel-Aviv støttar Israels krigføring så langt som at den er i samsvar med folkeretten. Det er eit universitet i sin fulle rett til å gjere og kan ikkje vere grunnlag for å seie opp ein utvekslingsavtale. Eg minner i denne samanhengen om at Den internasjonale domstolen på vedtakstidspunktet ikkje hadde pålagt Israel å avslutte all krigføring på Gaza, slik at krigføringa i seg sjølv ikkje var folkerettsstridig. Eit pålegg om våpenkvile vart fyrst gjeve 25. mars ved Tryggingrådet's resolusjon 2728/2024, med verknad til 9. april.⁹

Saksframlegget gav heller ikkje tilstrekkeleg informasjon om konsekvensane for utvekslingsarbeidet til fakultetet dersom kriteriet for å avslutte utvekslingsavtaler er at lærestaden aktivt støttar krigføringa til heimstaten i form av moderat økonomisk støtte til

³ <https://www.studvest.no/debatt/vi-forventer-mer-av-en-jussprofessor/149164>

⁴ <https://www.bt.no/politikk/i/onJ98K/gaar-ut-mot-terje-einarsen-ved-det-juridiske-fakultetet>

⁵ <https://www.morgenbladet.no/aktuelt/2024/03/24/maya-wind-fant-enormt-med-materiale-som-viser-hvordan-israelske-universiteter-medvirker-til-okkupasjonen/>

⁶ <https://academic-freedom-index.net/>

⁷ <https://www.justsecurity.org/92138/on-civilians-return-to-north-gaza-what-international-humanitarian-law-requires/>

⁸ <https://verfassungsblog.de/wrong-to-the-core/>

⁹ <https://documents.un.org/doc/undoc/gen/n24/080/81/pdf/n2408081.pdf?token=4VrUxCHaSJr6Pefmi6&fe=true>

studentar som deltek i krigføringa. Som eg gjer greie for i punkt 3.5 vil ein slik standard særleg vere problematisk for eksisterande og framtidige utvekslingsavtaler med amerikanske lærestadar. Ein slik standard vil også bli vanskeleg å etterleve for UiB og andre norske lærestadar dersom norske vernepliktige studentar og universitetstilsette skulle bli sendt i krig. Før fakultetsstyret kan seie opp utvekslingsavtalen med Universitetet i Tel-Aviv, må styret fyrst avklare prinsipielt kva etiske krav fakultetet skal stille til utvekslingsavtaler.

Etter mitt syn tilseier desse manglane ved saksbehandlinga og den einsidige og misvisande informasjonen i saksframlegget, at fakultetsstyret gjer om vedtaket i sak 17-24.

3. Oppseiing av andre utvekslingsavtaler

3.1 Grunnlag

Dersom fakultetsstyret ikkje vil gjere om på vedtaket i sak 17-24, føreslår eg at fakultetsstyret seier opp fleire andre utvekslingsavtaler (3.2 og 3.3), ber Universitetsstyret om å seie opp utvekslingsavtaler for UiB (3.4), og avklarar kva etiske prinsipp som skal vere førande for utvekslingspolitikken til fakultetet (3.5 og 3.6).

Som det går fram av punkt 2 meiner eg det må vere ein svært høg terskel for å seie opp ein utvekslingsavtale på anna grunnlag enn forhold ved utvekslingssamarbeidet sjølv. Dersom fakultetet fyrst går til det skrittet å seie opp ein utvekslingsavtale knytt til etiske forhold ved staten eller utanfor utvekslingssamarbeidet, så må dei etiske standardane gjelde alle utvekslingsavtaler. Seier vi A, så må vi seie B. Likskap for lova og forbod mot usakleg forskjellsbehandling, er grunnleggjande prinsipp i rettsstaten. Av alle institusjonar på UiB er det viktig at Det juridiske fakultetet ikkje opptre vilkårleg eller gjev inntrykk av at vi forskjellsbehandlar samarbeidspartnarar på grunnlag av nasjonalitet eller styrken til interessegrupper i samfunnet. Dersom fakultetet fyrst stiller etiske krav til enkelte lærestadar for å inngå eller halde på utvekslingsavtaler, må fakultetet stille same krav til alle.

I saksframlegget til sak 17-24 er det litt uklårt kva minste etisk standard fakultetet skal stille til våre utanlandske samarbeidspartnarar. Dels vart det vist til ei førebels avgjerd frå Den internasjonale domstolen og skuldingar frå FN's generalsekretær retta mot staten Israel. Dels vart det vist til konkrete forhold knytt til Universitetet i Tel-Aviv, i dette tilfellet at det «støtter aktivt opp om Israels krigføring og mulige folkemord» i form av «økonomisk støtte» til studentar som er kalla inn til militærtjeneste. Ein kan altså tenkje seg at både etiske forhold ved staten og forhold ved universitetet kan krevje at fakultetet seier opp utvekslingsavtaler.

Eg nemner at overfor mange land som bryt folkeretten og menneskerettane er internasjonal handheving lite praktisk og handhevinga er neppe konsekvent. Særleg gjeld det militære og økonomiske stormakter som Kina, Russland og USA. Difor kan fakultetet vanskeleg krevje ei avgjerd frå ein internasjonal domstol som grunnlag for å konstatere brot på etiske standardar.

Når det gjeld etiske krav til statar, har fakultetet utvekslingsavtaler med to statar som over tid og i dag har gjort seg skuldige i massive brot på folkeretten og menneskerettane, og som truleg er skuldige i pågåande brotsverk mot menneskeheita og folkemord. Desse statane er Russland og Kina. Dersom fakultetsstyret meiner at det på etisk grunnlag er riktig å seie opp utvekslingsavtalen med Universitetet i Tel-Aviv på grunn av handlingane til staten Israel, er det like sterke grunnar for å seie opp alle utvekslingsavtaler med russiske og kinesiske lærestadar.

3.2 Russland

Russland har dei siste åra utvikla seg til å bli eit totalitært diktatur. Den europeiske menneskerettsdomstolen har konkludert med at Russland i 2014 gjekk til væpna åtak mot Ukraina, og frå fullskalainvasjonen i 2022 er det heva over all tvil at Russland er skuldig i eit aggresjonsbrottsverk. Russland er også kasta ut av Europarådet av di staten på det grovaste bryt dei felleseuropesike verdiane om demokrati, rettsstat og menneskerettar. Den russiske krigføringa mot Ukraina er særst brutal og råkar sivile i stor skala. Krigsbrottsverka er massive. Av di Russland systematisk kidnappar ukrainske born for å påtvinge dei russisk kultur, har mellom andre Parlamentarikarforsamlinga til Europarådet skulda Russland for å bryte folkemordkonvensjonen. Påtalemakta under Den internasjonale straffedomstolen har utferda arrestordre mot president Putin og barnekommissæren Maria Lvova-Belova for bortføringa av ukrainske born. Ved avgjerda til Den internasjonale domstolen 16. mars 2022 vart Russland òg pålagt å straks stoppe det væpna åtaket på territoriet til Ukraina som byrja 24. februar 2022.

Særleg etter fullskalainvasjonen av Ukraina er ytringsfridomen i Russland sterkt innskrenka, og alle statlege institusjonar inkludert utdanningssektoren er underlagt sensur og sterk indoktrinering og politisering. Dette gjeld også Higher School of Economics, som fakultetet har utvekslingsavtale med.¹⁰ I ein slik samanheng gjev det ikkje meining å skilje mellom handlingane til staten og lærestadane. Desse må reknast som ei og den same eininga, slik at lærestadane må reknast å aktivt støtte opp under dei grove menneskerettskrenkingane til staten Russland. I lys av vedtaket til fakultetsstyret i sak 17-24, kan det ikkje vere tvilsamt at fakultetet på etisk grunnlag må kutte alle institusjonelle band til russiske institusjonar.

Fakultetet har éi utvekslingsavtale med russiske lærestadar: National Research University - Higher School of Economics i St. Petersburg og i Moskva. På nettsidene til UiB går det fram at avtalen er «lagt på is», men ikkje formelt sagt opp.¹¹

3.3 Kina

Kina er eit totalitært diktatur som i mange år har vore skulda for folkemord og grove internasjonale brotsverk mot minoriteten uigurane. Skuldingane er truverdige og er truleg snakk om eit av dei mest omfattande og grove brota på menneskerettar verda har sett dei siste åra. Ei rekkje truverdige internasjonale aktørar og statar har omtala politikken overfor uigurane som folkemord og/eller brotsverk mot menneskeheita. FN's høgkommissær for menneskerettar, OHCHR, konkluderte i 2022 med at den diskriminerande og vilkårlege fengslinga av uigurar av dei kinesiske styresmaktene «may constitute international crimes, in particular crimes against humanity».¹² Same år vedtok Europaparlamentet ein resolusjon som «[s]tates that the credible evidence about birth prevention measures and the separation of Uyghur children from their families amount to crimes against humanity and represent a serious risk of genocide».¹³ Europarådet oppmoda alle medlemsstatane til å gjere tiltak for å hindre vidare kinesiske overgrep («atrocities»). Parlament og regjeringar i fleire vestlege land, som Canada, USA,

¹⁰ <https://www.wilsoncenter.org/blog-post/russias-war-suffocates-countrys-scholarship-and-science>.

¹¹ <https://www.uib.no/utvekslingsavtale/776-1#uib-tabs-om-avtalen>.

¹² OHCHR Assessment of human rights concerns in the Xinjiang Uyghur Autonomous Region, People's Republic of China, avsn. 148. <https://www.ohchr.org/sites/default/files/documents/countries/2022-08-31/22-08-31-final-assesment.pdf>

¹³ https://www.europarl.europa.eu/doceo/document/TA-9-2022-0237_EN.html

Belgia, Tsjekkia, Frankrike, Litauen, Nederland, og Storbritannia, har vedteke resolusjonar som definerer den kinesiske forfølginga av uigurane som folkemord og/eller brotsverk mot menneskeheita.

Sidan Kina har eit totalitært styre utan akademisk fridom, gjev det ikkje meining å skilje mellom handlingane til staten og lærestadane. Desse må reknast som ei og den same eininga, slik at lærestadane må reknast å aktivt støtte opp under dei grove menneskerettskrenkingane til staten Kina. I lys av vedtaket til fakultetsstyret i sak 17-24, kan det ikkje vere tvilsamt at fakultetet på etisk grunnlag må kutte alle institusjonelle band til kinesiske institusjonar. I følge oversikta til UiB gjeld har fakultetet utvekslingsavtale med følgjande lærestadar:

1. China Foreign Affairs University
2. China University of Political Science and Law
3. City University of Hong Kong
4. Fudan University
5. Peking University
6. Renmin University of China
7. Shandong University
8. The Chinese University of Hong Kong
9. Tsinghua University

To av lærestadane ligg i Hong Kong. Etter grunnlova har Hong Kong noko sjølvstyre og visse menneskerettar i femti år med utgangspunkt i «eitt land, to system»-politikken, men i dag er denne illusorisk. Vala til den lovgjevande forsamlinga er for lengst kontrollert av Kina. Fakultetet bør difor behandle lærestadane i Hong Kong saman med dei andre kinesiske lærestadane.

Når fakultetet seier opp utvekslingsavtalene med kinesiske lærestadar, er det ikkje lenger naturleg å drive Bergen-China Law Centre. Dette er ein type institusjonelt samarbeid som bør avsluttast av same grunn som utvekslingsavtalene. Det vil heller ikkje vere naturleg å tilby valemne i kinesisk rett ved fakultetet, då desse har vore kopla til det institusjonelle samarbeidet. Eksisterande valemne i samarbeid med kinesiske lærestadar bør difor avsluttast.

3.4 Avtaler på UiB som ikkje oppfyller etiske standardar

Universitetsstyret valde å ikkje ta stilling til krav om akademisk boikott av Israel, men valde i staden å late dei ulike fakulteta ta avgjerdene for sine utvekslingsavtaler. Dette standpunktet har to uheldige verknader som eg meiner tilseier at Det juridiske fakultetet bør oppmode universitetsstyret til å ta ei aktiv leiarrolle overfor fakulteta når det gjeld etiske krav til institusjonelt samarbeid.

For det fyrste betyr vegringa til universitetsstyret at UiB ikkje får ei felles tilnærming til etiske standardar for institusjonelt samarbeid. Til dømes har fleire fakultet utvekslingsavtaler med kinesiske lærestadar. Dersom Det juridiske fakultetet seier opp utvekslingsavtaler med kinesiske lærestadar av dei etiske grunnane eg har gjort greie for ovanfor, er det inkonsekvent om andre einingar på UiB held fast på utveksling med dei same institusjonane. I denne samanhengen er det også viktig å minne om at avslutninga av utvekslingsavtaler på fakultetsnivå kan få konsekvensar for UiB som heilskap. For utanforståande, og for dei

institusjonane som fakultet ved UiB bryt samarbeidet med, vil det vere naturleg å identifisere fakulteta med UiB.

For det andre har UiB sentralt utvekslingsavtaler som kan gjerast gjeldande på fakultetsnivå, men som fakulteta ikkje kan seie opp. Nokre av desse utvekslingsavtalene reiser etiske innvendingar. Eg vil under nemne to særlege etiske bekymringar knytt til utvekslingsavtalene til UiB.

LGBT-rettar

Å uttrykke seksuell identitet er ein grunnleggjande menneskerett. I Noreg er hatefulle ytringar på grunnlag av seksuell legning straffbart. Dersom UiB skal stille etiske krav til land og institusjonar ein har utvekslingsavtaler med, er retten til å ha og leve ut si seksuelle legning eit opplagt krav.

Ifølgje Human Rights Dignity Trust er seksuelt samkvem mellom likekjønna personar straffbart i 65 land.¹⁴ I fleire land er det livstidsstraff eller andre strenge straffer, i nokre land også pisking. Fleire land har også dødsstraff for homofili, mellom dei Uganda, Saudi-Arabia og Pakistan. UiB har mange tilsette og studentar som er LGBT. Frå eit etisk perspektiv er det ikkje forsvarleg å ha institusjonelt samarbeid med lærestadar i land som ikkje anerkjenner LGBT-personar som likeverdige menneske.

For UiB er det særleg to utvekslingsavtaler som er problematiske når det gjeld menneskeverdet og -rettane til LGBT-personar. Dette er utvekslingsavtalene med Muhimbili University of Health and Allied Sciences i Tanzania (Det medisinske fakultetet og Instiutt for global helse og samfunnsmedisin) og Makerere University i Uganda (UiB og Fakultetet for kunst, musikk og design). Både Tanzania og Uganda har livstidsstraff or homofili. I 2023 innførte Uganda dessutan dødsstraff for såkalla «aggravated» homofil, som er dei tilfella der den eine parten er under 18 år eller ein av partane blir smitta av seksuelt overførbare sjukdomar.

Ifølgje Freedom House er den akademiske fridomen i både Uganda¹⁵ og Tanzania¹⁶ under press, med utbreidd sjølvensur og sanksjonar frå styresmaktene ved kritikk. Ein kan med god grunn argumentere for at norske universitet bør halde institusjonell kontakt med lærestadar i land der den akademiske fridomen er under press. Eg registrerer likevel at fakultetsstyret ikkje la vekt på dette argumentet i sak 17-24 overfor Universitetet i Tel-Aviv.

Viktig når det gjeld utveksling til land der homofili er straffbart, er at våre utvekslingsstudentar då blir pålagde å undertrykke sin eigen seksualitet. Det er grunn til å spørje om UiB kan påleggje sine studentar å gje avkall på grunnleggjande menneskerettar for å ta del i eit undervisningstilbod. Det prinsipielle spørsmålet er om UiB skal ha institusjonelt samarbeid med lærestadar i land som ikkje anerkjenner våre LGBT-studentar og -tilsette som likeverdige menneske og som aktivt fremjar hat og undertrykking av ei heil gruppe menneske. Den kenyansk-amerikanske poeten Mũkoma wa Ngũgĩ har grunngjeve boikott av Makerere University slik:

¹⁴ <https://www.humandignitytrust.org/>.

¹⁵ <https://freedomhouse.org/country/uganda/freedom-world/2024>

¹⁶ <https://freedomhouse.org/country/tanzania/freedom-world/2024>

«But I keep asking myself the same question – would I have visited the University of Pretoria at the height of apartheid?

We have to draw a line somewhere and blatant telegraphed hate is as a good place as any. When it comes to human rights, we simply cannot have hierarchies.»¹⁷

Universitetsstyret ved UiB bør difor ta stilling til om det er etisk forsvarleg å halde på utvekslingsavtaler med lærestadar i land der homofili er straffbart og forbod vert handheva.

Støtte til vald og terror

I følgje Human Rights Dignity Trust er homofili også straffbart i Palestina, men den tilgjengelege informasjonen tyder på at forbodet ikkje blir handheva.¹⁸ Det er likevel andre grunnar til at UiB bør vurdere å seie opp utvekslingsavtalen med Birzeit University i Palestina på etisk grunnlag. Organisasjonar knytt til terrororganisasjonen Hamas dominerer studentpolitikken på Birzeit.¹⁹ I israelske media blir Birzeit University skulda for å hylle terrordømte alumni og tillate at Hamas held paradar på campus.²⁰ Sjølv om informasjonen kjem frå israelsk media, kan den ikkje utan vidare avvisast og vert støtta av andre kjelder. Terrororganisasjonen Hamas var ansvarleg for terroråttaket på Israel 7. oktober 2023 og Birzeit University har ikkje teke avstand frå terroren. Meldingar Birzeit University legg ut på sosiale media, tyder eller på det motsette. Den 12. oktober 2023, berre dagar etter terroråttaket til Hamas, publiserte Union of Professors and Employees of Birzeit ei melding på X (Twitter) der dei uttalte at «resistance in all of its manifestations & forms don't need the pre-approval of static international law codes».²¹ Denne meldinga kan tolkast som ei oppmoding til vald i strid med folkeretten. Meldinga lenkar til ein deklarasjon datert 11. oktober frå dei tilsette ved Birzeit University som få lesarar kan oppfatte som noko anna enn støtte til terroren til Hamas 7. oktober og væpna kamp mot Israel.²² Deklarasjonen byrjar med orda: «2023 will be recorded historically as the year that Palestinians stood boldly in the face of colonial fascism and screamed in defence of their homes, humanity and life.»

Både EU og USA har gjeve Hamas status som terrororganisasjon. I Noreg har statsminister Jonas Gahr Støre omtala Hamas som ein terrororganisasjon.²³ I lys av at Det juridiske fakultetet i sak 17-24 meinte at det var tilstrekkeleg med aktiv støtte til krigføring for å avslutte ein utvekslingsavtale på etisk grunnlag, meiner eg terskelen også er nådd for Birzeit University. For å sikre likebehandling, og for å sikre at UiB ikkje kan oppfattast å støtte ein lærestad som i ord og handling har støtta ein organisasjon Noregs statsminister har omtala som ein terrororganisasjon, bør Universitetsstyret seie opp utvekslingsavtalen med Birzeit University.

¹⁷ <https://brittlepaper.com/2023/06/why-i-am-boycotting-uganda-by-mukoma-wa-ngugi/>

¹⁸ <https://www.humandignitytrust.org/country-profile/palestine/>

¹⁹ <https://www.middleeasteye.net/news/west-bank-hamas-bloc-wins-major-student-birzeit-elections>

²⁰ <https://www.dailywire.com/news/harvard-to-host-summer-program-at-palestinian-university-dominated-by-hamas>

²¹ <https://twitter.com/AseelAlBajeh/status/1712563503431893293> og <https://www.ngo-monitor.org/reports/compilation-of-ngo-statements-on-october-7-massacre-and-aftermath/>

²² https://drive.google.com/file/d/1IUe2CWEViWhJ1_ntZSVRslIdFAqxpbpmvi/view

²³ https://www.nrk.no/norge/store_-_hamas-er-en-terrororganisasjon-1.16591684

3.5 Avtaler med lærestadar som har sterke band til dei militære styrkane i land som deltek i krigføring

